



Skeisvang videregående skole

Kontakt saksbehandlar

Kirsten Redmond Kristiansen, 51568777

Oppgåvebrev - kartlegging av spreiling av stillehavsøsters

I 2017 starta Fylkesmannen i Rogaland eit prosjekt saman med Rogaland fylkeskommune og Havforskningsinstituttet om å kartlegge utbreiinga av stillehavsøsters i fylket vårt. Forskinga bestod både av datamodellering og tokt langs Rogalandskysten. Her blei gjort interessante funn, derfor fortsette vi prosjektet for å kvalitetssikre undersøkingane.

Stillehavsøsters er ein framand art som dessverre blir stadig meir vanleg langs kysten vår. Den spreier seg raskt og kan endre det biologiske mangfaldet på havbotnen dramatisk ved at den dannar store og skarpe rev på sandbotnen. Stillehavsøsternen presser ut andre muslingar som flatøsters og blåskjel som igjen er viktig mat for andre artar som til dømes ærfugl.

Sjølv om det allereie er funne Stillehavsøsters lenger nord på vestlandet er ikkje utbreiinga her like omfattande som på Skagerakkysten og i Oslofjorden. Med sitt milde klima er Rogaland eit nøkkelfylke med omsyn til spreiling av arten oppover noregskysten, og no ønsker vi di hjelp til å kartlegge han!

Som ung biolog og elev ved Skeisvang vgs, har vi lyst å invitere deg og klassen til å hjelpe oss med kartlegginga. Vi treng spesielt hjelp av dykk i biologigruppa til å undersøke førekomensten av Stillehavsøsters på valte stadar på Haugalandet og i Sunnhordland. Flott om de saman med lærarar kan planlegge ekskursjonar, nytte biologiske metodar, kartlegge, utforske og leggje fram resultata frå undersøkingane i ein kort rapport. Denne ønsker me å få innan fredag 7. juni 2019.

Kjem du i tillegg over Stillehavsøsters i sommar, ber vi deg difor om å sende inn eit bilde av funnet ditt samt ei lita kartskisse som viser kor østernen blei funne. Send til fmropost@fylkesmannen.no. Alle bidrag har verdi for miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Rogaland.

Eit teikn på at du har funne stillehavsøsters er at denne er meir langstrakt og taggete enn den «runde» flatøsternen. Google om du er i tvil! Husk at den norske Flatøsternen er nær trua.

Takk for hjelpa!

Ressursar til hjelpe:



<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Arter-og-naturtyper/Fremmede-arter/>

https://www.fylkesmannen.no/globalassets/fm-rogaland/dokument-fmro/miljo/rapportar/handlingsplan-mot-framande-arter-rogaland_2011.pdf

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernsjef

Kirsten Redmond Kristiansen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent